

Hauglandbukk på 128 kilo felt

14.09.2015

Hjortejakta har ikkje førebels teke av for alvor, men det har i alle fall kome einskilde meldingar om felte dyr. Hauglandvaldet har såleis meldt om 2, der det eine var om ein bukk på 128 kilo og det andre ei kolle. Bukken vart felt av Arvid Johannes Eide like ved heimstaden til Kåre Vetrhus på Haugland.

- Det var ein flott bukk, men eg vil ikkje karakterisera han som ekstremt stor, seier Kåre til uskedalen.no Imidlertid er det langt til mål, ettersom valdet har rett på 20 dyr dette året.

- Betyr resultatet til no at jakta har vore tregt i starten?

- Nei, det betyr snarare at vi har vore litt seine i starten førebels, er svaret.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen